

Branninstruks

Ved Firda vidaregåande skule har vi eit nytt, moderne brannvarslar anlegg. Kontrolltavle og planskisser for anlegget er plassert innafør hovudinngangsdøra frå skuleplassen til biblioteket. Ved alle inngangsdørene er det plassert brannmeldarar og i nokre gangar er det montert branndører som vert attlatne automatisk ved brann.

Desse branndørene må det ikkje "tuklast" med! Det må ikkje plasserast ranslar etc. slik at dei hindrar branndørene å slå igjen i tilfelle brann!

Lærarane, elevane og andre tilsette må orientere seg om kvar brannmeldarar og sløkkjereiskap er plasserte. Dei skal og gjere seg kjende med bruken av desse.

Brann

Den som først oppdagar brannen, skal snarast sjølv freiste sløkkje den. Dersom dette ikkje lukkast, skal han/ho slå alarm lokalt på skulen og syte for at brannvesenet vert varsla. **Telefon nr. 110.** Alarmsentralen vert varsla automatisk så det gjeld å bekrefte at det er brann. Gje oppe namn og eventuelt klasse.

Brann i friminutta

Alle syter for å kome seg ut av bygningane snarast råd og vaktmeister/skuleleiing kontrollerer at alle er ute. Elevane samlar seg på idrettsbana og melder seg for siste faglærer dei har hatt (sjå punkt 4 og 5 nedanfor). Brannvernleiar er rektor eller den som til ei kvar tid er på skulen i hans rolle.

Brann i timane

1. Læraren stiller seg ved døra ut av klasserommet og syter for at alle elevane raskt forlet klasse-rommet utan å springe. Ved mykje røyk: hald kvarandre i hendene. La alle skulesaker ligge igjen
2. Læraren ser til at alle vindauga og dører er attlatne og følgjer etter elevane
3. Dersom det er mogleg nyttar ein vanlege utgangar frå klasserommet. Viss vanlege utgangar er sperra av eld og/eller røyk så nyttar ein naudutgangar. Lærar kontrollerer at ikkje utvendige brannstigar o.l. vert overbelasta
4. Alle går snarast råd til idrettsbana nedanfor gamlebygget og samlar seg rundt faglæraren ein hadde denne timen. Dette for å vere ute av vegen for brannvesenet. Alle blir verande der til nærare melding vert gitt
5. Faglærarane skaffar seg oversikt over om nokon manglar og rapporterer til brannvernleiar. Brannvernleiar skal ha melding om romnummer, klasse/gruppe og om nokon manglar i høve til dei som var i klasserommet. (NB! Alle rapporterer til brannvernleiar, også om alle er til stades)

Nødutgangar

Alle rom i sokkel-/1. etasje: Ut gjennom vindauga
Gamlebygget 2. etasje: Brannstige frå rom nr A201 og A205
Realskulebygget 2. etasje: Alternative trappenedgangar
Aula: Skyvedør mot skuleplassen og til veranda mot Jølet
Trivselshagen: Etter oppsett plan